



Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/3757-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

27289/13

Dykkar ref.

NVE 200900056-7 ke/mbe

Dato

LEIKANGER, 22.08.2013

NVE
nve@nve.no

Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Brattejølet kraftverk i Hornindal kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 21.08.2013 som sak 70/13 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Brattejølet kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.
2. Av omsyn til landskap og kulturminne bør minstevassføringa aukast.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Mottakar (ar)

NVE nve@nve.no



Saksbehandlar: Idar Sagen
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 13/3757-2

Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Brattejølet kraftverk i Hornindal kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Brattejølet kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.
2. Av omsyn til landskap og kulturminne bør minstevassføringa aukast til 2340 liter/sek., jf. saksutgreiinga pkt. 7.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 22.05.2013.
2. Uttale frå Hornindal kommune, brev til NVE 05.08.2013.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konsesjonssøknad, mai 2013.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått sendt til uttale søknad om løyve til å bygge Brattejølet kraftverk i Storeelva/Horndøla i Hornindal kommune.

Søkjaren er Brattejølet Kraft AS, under skiping og eigd av grunneigarar. Dei søker om løyve til å bygge eit nytt kraftverk langs same elvestrekninga der det tidlegare var i drift eit kraftverk. I elva er det framleis rester etter Brattegillfoss kraftverk som vart bygt i 1913 og var i drift fram til 1955. Det nye kraftverket vil utnytte eit fall på 17 meter i elva. Det er vurdert tre alternativ i søknaden. Det mest omfattande alternativet er hovudalternativet med ei slukeevne på 7,0 m³/s og ein effekt på 980 kW. Det skal leggst 200 meter rør frå eksisterande dam, gjennom riksvegen og ned til kraftstasjonen på sørsida av elva.

Hornindalsvassdraget vart verna etter at Tussa Kraft fikk konsesjon på overføring av eit 18 km² felt i nord. Ved denne overføringa vart middelvassføringa til Hornindalsvatnet redusert med ca. 2 m³/s, eller nær 30 %.

Hornindal kommune, Planutvalet og Utval for utvikling har ingen merknader. Administrasjonen har i eit brev til NVE m.a. sagt at tiltaket ikkje må få konsekvensar for ev. opprusting/nybygging av veg og bru, at det må takast omsyn til at damområdet blir brukt til badeplass, at elva enkelte år har stor isgang og at det er fleire kulturminne langs elva.

Fylkesrådmannen vurderer at fordelane ved Brattejølet kraftverk er større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Av omsyn til landskap og kulturminne bør minstevassføringa aukast til 2340 liter/sek.

2. Bakgrunn

Lover/reglar/føresegner

- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vassressurslova (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, vassveg i fjell, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

Verneplan for vassdrag

Hornindalsvassdraget er verna i Verneplan 1.



Kartet viser nedbørsfeltet til Hornindal. Skraverte område er overført nordover til Tussa-anlegga

Regionale planar

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging vart vedteken i fylkestinget i des. 2012. Planen dekkjer ikkje verna område/vassdrag, men i planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket - fjordar og innsjøar over 7 km². Fjordlandskapet dekkjer tiltaksområdet. I «Fylkesdelplan for arealbruk» frå 2000 er tiltaksområdet ikkje sett av til spesielle formål.

Vassforskrifta

Vassdraget ligg i Nordfjord vassområde i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området er godkjent og omtalar arbeidet og planprosessen fram mot godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

3. Det planlagde tiltaket

Hovuddata for tiltaket:

Tilsig	Lite alternativ	Middels alt.	«Stort» alt.
Nedbørsfelt, utan overført felt, km ²			71,0
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek			4,76
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, l/s			370


Fem-persentil* sommar (mai-sept.), l/s			2340
Fem-persentil* vinter, liter/sek			304
Kraftverk			
Inntak, moh			123
Avløp, moh			106
Brutto fallhøgde, meter			17
Slukeevne, maks m ³ /sek	2,5	5,0	7,0
Slukeevne, min, m ³ /sek	0,25	0,5	0,7
Installert effekt, maks kW	550	830	980
Minstevassføring frå inntaket, som./vinter, l/sek			2000/300
Brukstid, timar	5600	4230	3480
Produksjon			
Årleg middel, GWh	1,96	2,92	3,4
Økonomi			
Utbyggingskostnad, mill. kr.	8,7	10,6	12,2
Utbyggingspris, kr/kWh.	4,44	3,63	3,59

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Den eksisterande inntaksdammen skal brukast i det nye prosjektet. Dette er ein tørrmurt steindam med betongtetting. Den er knapt 3 m høg, ca. 30 m lang og damkruna er 2 m brei. Dammen er i god stand, men noko reparasjonsarbeid må gjerast. Damkruna skal vere på noverande nivå. Det gamle inntaket var på nordsida av elva. Nytt inntak, ny rørgate og kraftstasjon er planlagt på sørsida. Kraftstasjon med grunnflate 50-90 m² vil bli plassert ca. 50 meter nedanfor fossen. Det skal byggast 150 meter ny tilkomstveg ned til kraftstasjonen. Krafta skal førast ut via ein 200 meter lang jordkabel til eksisterande 22 kV linje aust for Tomasgård.



Eksisterande dam sett mot Tomasgård. Gul strek er trase for rørgate.



Dam er vist med svart strek. Rørgate med blå og tilkomstveg med raud strek. Raud firkant er ny kraftstasjon og gult område er riggplass.

4. Vurdering og konsekvensar

Saksopplysningane nedanfor er henta frå samandraget i søknaden:

Utbygging av kraftverket har ingen innvirkning på forholdene i vassdraget utover de helt lokale.

Det er ikke påvist viktige naturtyper i vassdraget og med foreslåtte minste vannføring anses konsekvensen som liten negativ (-)

Fossen i Brattejølet er et vandringshinder for fisk, men strekningen i Storeelva er viktig gyteplass spesielt for den lokale ørretstammen i Hornindalsvatnet. Totalt vurderes utbyggingen å ha en liten negativ konsekvens (-) for fisk og ferskvannsbiologi.

Landskapsmessig vil redusert vannføring bety en liten negativ konsekvens (-)

Prosjektet vil bidra positivt til landbruket lokalt. På samme måte vil prosjektet ha positive samfunnmessige konsekvenser. Begge vurderes som liten positiv (+).

Områdets opplevelsesverdi blir noe forringet i anleggsfasen, men det forventes ingen vesentlige konsekvenser for tradisjonelt friluftsliv, jakt og fiske på sikt. Når det gjelder elvepadling så padles den aktuelle strekningen mellom Storebrua og Brattejølet kun ved høy vannføring, og i slike perioder vil kraftstasjonen sannsynligvis ta unna en såpass liten del av den totale vannføringen at strekningen normalt vil kunne padles. Konsekvensen er satt til liten negativ (-).



Vassføring 5-6 m³/sek. 11.05.2007. Sett frå brua mot dammen.



Storebrua sett frå planlagt stad for inntak



Fossen ned mot den planlagde kraftstasjonen

5. Andre sitt syn på saka

Hornindal kommune, merknader i brev 05.08.2013 til NVE:

Søknaden er presentert som referatsak for Utval for utvikling i møte 5.juni 2013 og Planutvalet i møte 13.juni 2013. Det kom ingen spørsmål eller merknad til den framlagde søknaden.

Administrative merknader:

- Både «Næringsplan for Hornindal kommune 2011 – 2014» og Strategiske utviklingsanalyse (K-sak 073/12) set fokus på å stimulere til tilleggsnæring innan landbruket, her også mulighetene for mikro- og minikraftverk i kommunen.
- Kommunen føreset at eventuelle restriksjonar knytt til bruk av tilgrensande areal ikkje får konsekvensar for planlegging og bygging av ny fylkesveg 60 forbi dette området. (Kan også omfatte ny brukryssing.)
- Vi gjer merksam på at Storelva enkelte år har stor isgang. Inntaksdammen og kraftverket må plasserast slik at det ikkje kan medføre skade eller fare ved isgangen.
- Damområdet er ein attraktiv badeplass for lokalbefolkning. Inntakskanalen må leggst at den ikkje kan vere til fare for tryggleiken for dei badande. Denne må sikrast på ein tilfredsstillande måte.
- Området har fleire verdfulle kulturminner, som kvernhus, steinbru, rester etter eit gammalt kraftverk m.m. Framtidig omlegging av fylkesveg 60 kan opne for mulig tilrettelegging for friluftsliv m.v. i området. Ei utbygging må ta omsyn til desse kulturminna, og elles gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet.
- Naturen og terrenget etter utbygginga, må så langt som råd tilbakeførast til det opprinnlege. Utbygginga må ta omsyn til det estetiske både ved inntaksdammen og kraftstasjonen som skal byggast.
- Kommunen minner elles om det som er nedfelt i «Differansiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget» :
 - Omsøkte utbygging ligg i sone 2; «Område med middels grad av menneskeleg påverknad.»
 - «Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typar kulturminne frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet. Det skal særleg leggst vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/ mellom vassdraget og hovudveg.»
 - Småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000 kW i sone 2 er vurdert i forvaltningskategori 3:
 - «Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrnlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.»

6. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter knytt til ein energiproduksjon på 3,4 GWh/år. Utbyggingsprisen er middels og det bør vere grunnlag for å vente at kraftverket vil bidra til lokale nærings- og skatteinntekter. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med nedgraving av rørgate, bygging av tilkomstveg, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i elva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap og friluftsliv

Søkjaren foreslår å sleppe ei mistevassføring på 2000 liter/sek om sommaren og 300 liter/sek resten av året. 5-persentilen er berekna til 2340 l/sek for sommaren og 304 l/sek for vinteren. Fylkesrådmannen meiner at 5-persentilen bør leggst til grunn også for sommaren. I søknaden er det berekna at konsekvensen av dette vil bli at den årlege kraftproduksjonen vert redusert frå 3,4 til 3,3 GWh. Utbyggingsprisen vil då gå opp frå 3,59 til 3,7 kr/kWh.

Elvepadling er omtalt i søknaden, og det er sagt at strekninga mellom brua og Brattejølet vert padla berre ved høg vassføring. I slike periodar vil kraftverket ta unna såpass liten del av den samla vassføringa, at strekninga normalt vil kunne padlast.

Kulturminne

Søkjær meiner at utbygginga ikkje vil komme i direkte konflikt med automatisk freda, vedtaksfreda eller nyare tids kulturminne. Fylkesrådmannen er ikkje samd i denne vurderinga når det gjeld nyare tids kulturminne. Det er fordi området ved inntaksdammen og Storebrua utgjer eit samanhengande vassbruksmiljø med kvernhus, murar etter oppgangssag, restar av vasskraftverk frå 1913 til 1950-talet og Storebrua som er ei fin oppbygd steinbru. Røyrkata vil, slik den er skissert i søknaden, dessutan føre til direkte inngrep i Storebrua.

Kulturmiljøet er likevel noko redusert slik det framstår i dag. Det er berre grunnmurane att etter oppgangssaga som sto i området, og mykje av materialet i kvernhuset er skifta ut med nytt treverk og tak. Fylkesrådmannen meiner at inngrepet må gjerast skånsamt, slik at murane til Storebrua ikkje vert øydelagde. Alternativt må vassvegen justerast slik at det ikkje vert nødvendig med direkte inngrep i brua. Fylkesrådmannen ser det som positivt at inntaksdammen skal brukast i det nye prosjektet med opprinneleg nivå. På denne måten vert dammen teken i bruk igjen og vedlikehalden.

Fylkesrådmannen er oppteken av at vatnet i fossen ikkje vert vesentleg redusert slik at Storebrua vert ståande utan vatn under seg. Brua er ei flott steinbru som mistar mykje av opplevingsverdien med lite vatn i elva. Fylkesrådmannen er positiv til at anleggsvegen vert lagt tett inntil røyrkata slik at det skjer minst mogeleg inngrep i marka.

Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i området. Fylkesrådmannen har såleis ikkje avgjerande merknader til søknaden når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Fylkesrådmannen ber om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i under grunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Sumverknader

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det vil oppstå problem for eit større område på grunn av utbygging av Brattejølet kraftverk.

Samla vurdering

Tiltaket bør kunne gjennomførast. Av omsyn til landskap og kulturminne bør minste-vassføringa om sommaren aukast til 5-persentilen, dvs. til 2340 liter/sek.

7. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen vurderer at fordelane ved Brattejølet kraftverk er større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Av omsyn til landskap og kulturminne bør minstevassføringa aukast til 5-persentilen, dvs. til 2340 liter/sek.